

## **Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 15.11.2018**

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt oversendingsforslag til prosjektleiar Vestland fylkeskommune:

«Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen bør vurderast endra frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel»

**Dagmar R. Hillstad (LO-K)** sette fram slike oversendingsforslag:

«Hordaland fylkeskommune bør i sitt arbeidsgjevarperspektiv ha større fokus på IA-avtalens delmål 2: Hindre fråfall og auka sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne.»

«I Hordaland fylkeskommune er det flest kvinner som innehar deltidstillingar der mange har meldt om ufrivillig deltid. Hordaland fylkeskommune må i sin lønspolitikk aktivt jobba for ein heiltidsstruktur.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Pål Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Dagmar R. Hillestad sine forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.